



Referat frå elevrådsmøte III, onsdag 01.oktober

Desse møtte:

Elevrådsrepresentant 5A: Selma

Elevrådsrepresentant 5B: Thea

Elevrådsrepresentant 6A: Olav

Elevrådsrepresentant 6B: Leif Ludvik

Elevrådsrepresentant 7A: Aksel

Elevrådsrepresentant 7B: Lukas

Observatørar frå 3. og 4. trinn: To frå 3. trinn

Sak 1: Oppfølging av saker frå sist møte

✓ Skulemjølk på skolelyst.no

Representantane i elevrådet la fram argument for og i mot dei nye produkta

- Lettmjølk sjokolade (laktoseredusert og usøta)
- Smoothie (frukt og grønnsak, usøta)
- Juice



Elevrådsleiar og nestleiar skriv eit utkast til brev som skal sendast til rektor ved skulen. Målet er å få sendt brevet til rektor før haustferien.

✓ Aktivitetsdagar for 5-7

Elevrådet ynskjer at ein kan få til ein aktivitetsdag for 5.-7. For å få dette til skulle representantane legge fram klassane sine forslag med grunngjeving fagleg, sosialt, skulemiljø, osv.

5. klasse	Ingen forslag frå klassen.
6. klasse	Ingen forslag frå klassen.
7. klasse	Vannkrig-turnering Sjakkturnering Fotballturnering

Elevrådet var samde om at vannkrig-turnering ikkje var ei inkluderande turnering.



Ei fotballturnering kan ein legge opp til slik at den opplevast positivt for skulemiljøet til elevane på 5.-7. klasse. Argument som vart lagt fram frå elevrådet var:

- Elevane får vere i aktivitet
- Lagspel krev at ein må samarbeide
- Elevane blir betre kjent på tvers av klassane
- Sette saman lag på tvers av klassane
- Ha fokus på fair play, og gjerne ha fair play pris
- Mange elevar er glade i fotball

Om dei vaksne tenkjer at det bør vere ein alternativ aktivitet så kan sjakk, spel og teikning på klasserommet vere kjekt.

Det må avklarast med lærarane på 5.-7. klasse om det er mogeleg å få gjennomført ein slik aktivitetsdag/økt. Elevrådet ynskjer å få vere med å planlegge og gjennomføre. Laila tek dette opp med lærarane.

Det var ikkje tid til saker frå klassane i dette møtet.

Beste helsing

Olav
Referent

Lukas
Elevrådsleiar 5-7

Laila Bosdal-Thorsen
Elevrådskontakt 5-7